

God aktivitet på torget ved Grano.

16.09.2017



Magne Eik selde flotte eple.

I dag var det tilløp til torgtilstandar på plassen ved Gamleskulen og Grano. Sjølv om det berre var to torghandlarar der då eg var ute, var det rikeleg med kundar. Det var tydeleg at mange ville ha epla som Magne Eik selde, og i tillegg veit vi jo at potetene, grønsaken, eggja og resten av vareutvalet til Ola Korsvik er populære.



Trygve Haugland var ein av mange kundar hos "potetdamo frå Fitjar"

Magne Eik selde i dag eple av sortane Prins og Discovery som er dyrka på Steinsletto og Eik. Han baud fram flott frukt som heilt sikkert er velsmakande. Han tok også opp bestilling på Aroma for dei som ville sikra juleepla. Han var stasjonert ned mot rasteplassen.

Oppve Grano var 'Potetbilen' til Ola Korsvik slik den har vore med jamne mellomrom i mange år. Kundestraumen var jamn og stor, og det er tydeleg at dette er eit tilbod mange kvinnheringar set pris på.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland